

FLYKTNINGTENESTA I ÅL KOMMUNE.

08.04.2008

Plan for busetting og integrering av flyktningar.

1. Målsetting:

Det overordna målet for arbeidet med flyktningar i Ål kommune er at dei skal sikrast opplæring i det norske språk og det norske samfunns- og arbeidsliv, slik at dei innan 5 år kan fungere på lik linje med andre i arbeid, utdanning og samfunnsliv.

Flyktningar skal ha same moglegheiter, rettigheter og pliktar som alle innbyggjarane i kommunen.

Flyktningar skal gjevast moglegheit til å ta del i samfunnslivet utan at det vert stilt krav om fullstendig kulturell tilpasning / assimilering.

I arbeidet for å nå målsettinga skal det visast respekt for språket, tradisjonane og kulturen til flyktningane.

Dersom flyktningar ynskjer å returnere til heimlandet skal forholda leggjast til rette for dette på best mogleg måte.

2. Strategi:

For å oppnå denne målsettinga arbeider flyktingtenesta utifra to hovudliner når det gjeld strategi.

Svært mange kommunar slit med å skaffe **bustader** når ein skal busette flyktningar. I perioder er dette ei utfordring også i Ål kommune. Tilgjengeleg bustad er ofte den mest synlege flaskehalsen i.f.t. å stadfeste ein førespurnad frå IMDI om busetting.

Alle busette flyktningar skal få tilbod om **introduksjonsprogram** som varer inntil 2 år. Frå 1 september 2004 er dette ein lovfesta rett og plikt for alle busette flyktningar.

Introduksjonsprogrammet for busette flyktningar i Ål er den viktigaste strategien for å oppnå ei vellukka integrering.

3. Historikk.

3.1 Bosatte:

Det er busett 71 personar i Ål i tidsrommet år 2000 til og med år 2008. Dette gir i gjennomsnitt i underkant av 8 personar pr. år. Kommunestyret har i denne perioden fornya sitt gjeldande vedtak om å ta imot inntil 10 flyktningar i året inkl. familiegjenforening.

I åra 2005 -2006 var Ål kommune i liten grad førespurd av IMDI om å busette flyktningar. Difor er måltalet for kommunestyret ikkje nådd.

Av desse 71 personane har 17 personar flytta frå Ål kommune.

Det er altså 54 personar som pr.01.02.2008 bur i Ål kommune.

3.2.1. Arbeid.

Av desse 54 personane er 26 vaksne. Arbeidssituasjonen pr. 01.02.2008 er som følgjer:

Fast arbeid :	7 personar (frå 50% til 100% stilling)		
Fast arbeid deltid:	2 personar. (Mindre enn 50% stilling)		
Vidaregåande skule:	2 personar	Fødselsperm:	1 person
Arbeidsledig.	4 personar	Introprogram:	8 personar
Ekstra skuletilbod:	2 personar		

3.3 Bustader:

Når det gjeld tilgang til kommunale bustader, har dette variert svært mykje. I 2002 til 2005 var det lett å busette flyktningar i kommunale bustader. I 2007 og fram til nå har dette vore svært vanskeleg. Av den grunn måtte to familier skaffast privat utleigar. hausten 2007. Dersom det er mogleg å skaffe private utleigarar er dette sjølv sagt greit. Problemet oppstår når det er lite tilgjengelege bustader både i den private og kommunale marknaden. Konsekvensen er at Ål kommune ikkje kan oppfylle sitt vedtak om å busette inntil 10 flyktningar.

3.4 Nasjonalitet.

I perioden er det busett flest frå Somalia. Elles er flyktningar frå Afganistan, Russland, Tsjetsjenia, Etiopia, Eritrea, Pakistan og Irak busett i Ål i perioden.

3.5 Deltaking i lokalsamfunnet.

Når det gjeld barn og ungdom så er mange av dei aktive innan idretten i Ål. Dei vaksne er klart meir passive innanfor organisasjonslivet. Dei har lite nettverk, og møter norske vaksne stort sett gjennom oppfølging av barna og gjennom eige arbeid. Dei fleste vaksne busette flyktningar har svært lite privat kontakt med nordmenn. Det er ein tendens i Ål som i mange kommuner at vaksne kvinner blir heimeverande , og har eit svært lite sosialt nettverk

3.6 Barn og ungdom i skulen.

Tilbakemelding frå rektor ved ungdomsskulen er som følgjer: *Mitt inntrykk er at dei busette flyktningane vi har på skulen i dag fungerer bra og er sosialt integrert i elevgruppa og i skulesamfunnet. Ein nøkkelfaktor her er å meistre det norske språket for å kommunisere med andre elevar. Dei elevane vi har no gjer det og fungerer godt. Som en lærar seier om ein elev: "Han er ein av gutta!"*

Liknande tilbakemelding kjem frå Nedre Ål skule: *Dei busette flyktningane har funne seg vel til rette. Barna er med i fotballgruppa, og blir på den måten integrert med dei norske elevane på fritida og. På skulen har dei tospråklege elevane lett for å finne kvarandre i friminutta, men eg har inntrykk av at dei føler seg som ein del av elevgruppa.*

4. Busetting og integrering med hovudtiltak:

I forhold til prioriterte tiltak har flyktingtenesta valt å systematisere dette utifrå tiltak før busetting, under busetting og etter busetting. Sjølve tiltaka er skrivne med kursivskrift/kulepunkt og er også samla i ei eiga oppsummering til slutt.

4.1 Før busetting:

IMDI (Integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet) ber kvart år om tilbakemelding om kor mange flyktingar Ål kommune ynskjer å busette. Ål kommune har dei siste åra valt å setje inn eit eige punkt i økonomiplanen ang. dette.

- *Administrasjonen gjer framlegg i økonomiplanarbeidet om kor mange flyktingar Ål kommune bør ta imot dei neste 4 åra. Kommunestyret gjer vedtak.*

Når IMDI har aktuelle kandidater for busetting i Ål, tek IMDI telefonisk kontakt med flyktingkonsulenten. Flyktingkonsulenten gir tilbakemelding utifrå kommunestyrevedtak, tilgjengeleg bustad og i samråd med rådmannen.

I retningslinene for flyktingfondet står det at "flyktingfondet skal nyttast til ekstraordinære tiltak når det gjeld busetting og integrering." Kjøp av bustad vil vere eit slikt ekstraordinært tiltak.

- *Administrasjonen må til ei kvar tid vurdere bustadsituasjonen, og kan nytte flyktingfondet til å kjøpe "flyktingbustader". Dette i samråd med formannskapet.*
- *Flyktingtenesta må samarbeide tett med dei bustadansvarlege i Ål kommune for å sikre tilgjengeleg bustad utifrå behov.*

4.2. Ved busetting

Når flyktingtenesta mottok vedtaket om busetting frå IMDI, orienterer flyktingkonsulenten aktuelle skular, barnehage, helsestasjon og legetenesta. Flyktingkonsulenten er ansvarleg for at busettinga/etablering i bustad skjer på best mogleg måte.

- *Etableringstilskotet (for tida: kr.30.000,- pr. ektepar pluss kr.3000,- pr. barn) skal justerast i.f.t. dei andre Hallingdalskommunane.*
- *Dersom ein familie blir busett i ein kommunal bustad, skal dei få tilbod om ein leigekontrakt på 3 år.*

Flyktingkonsulenten er ansvarleg for å gje dei busette ei fyrste orientering om lokalsamfunnet, lovar og reglar m.v.

- *Alle nybusette flyktingar skal innan ei veke få tilbod om eit orienteringsmøte med flyktingkonsulenteen og heimekonsulenten. Dette møtet skal vere tolka.*

Heimekonsulenten fylgjer tett opp dei busette den fyrste tida i.f.t. praktiske spørsmål ang. heimen, skulen, barnehage m.v.

4.3 Etter busetting

Barn i skulepliktig alder skal umiddelbart starte opp på skulen.

- *I den grad det er ledig barnehageplass skal nybusette flyktningar prioriterast.*

4.3.1. Introduksjonsprogram med individuell plan

Introduksjonslova gir nyankomne flyktningar mellom 18 og 55 år som har trong for grunnleggjande kvalifisering, rett og plikt til å ta del i eit introduksjonsprogram. Programmet er heilårleg og på fulltid, og varer inntil to år. Programmet inneheld norskopplæring med samfunnskunnskap, samt tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til arbeidslivet.

Språk- og arbeidspraksis vil vere ein del av kvalifiseringa.

Flyktningane mottok introduksjonsstønad. Det er Ål kommune som har ansvaret for introduksjonsprogrammet lokalt. Målet er at nyankomne flyktningar skal få moglegheit til å ta del i yrkes- og samfunnslivet, og at dei skal bli økonomisk sjølhjulpne.

Ein individuell plan skal utarbeidast på bakgrunn av kartlegging av den einskilde sitt opplæringsbehov. Den skal ta utgangspunkt i den einskilde sin bakgrunn, kompetanse og ynskjer for framtida.

- *Det skal utarbeidast ein individuell plan i samråd med deltakaren seinast ein månad etter busetting. Planen er forpliktande både for Ål kommune og deltakaren.*

Utifrå denne planen blir det gjort eit formelt vedtak om deltaking i Ål kommune sitt introduksjonsprogram med utbetaling av introduksjonsløn.

- *Alle flyktningar skal få tilbod og vedtak om introduksjonsprogram innan fyrste månad etter busetting.*
- *Flyktningar som deltek i Ål kommune sitt introduksjonsprogram skal få utbetalt introduksjonslønn (bruttolønsutbetaling av 2G, for tida kr.11.135,- pr. mnd.)*

Programmet er på fulltid. Ugyldig fråvær blir trukket med for tida kr.371,- pr. dag. Permisjonsreglementet i Ål kommune er gjeldande for alle flyktningar som tek del i introduksjonsprogrammet.

4.3.2. Norskopplæring

Ål vaksenopplæring er ansvarleg for norskopplæringa. Det er for tida fire heile stillingar ved skulen. Hol kommune kjøper tenester av Ål kommune ved at holingane deltek på undervisninga i Ål.

Ein busett flyktning i Ål vil som regel gå fire dagar på skulen det første året av intro-programmet.

Skulen gir tilbod om norskundervisning og samfunnskunnskap. Ulike lokale tema blir tatt opp i undervisninga. Målsettinga med undervisninga er at flyktingar skal avslutte med å gå opp til språkprøve 2 eller 3, munnleg og skriftleg.

- *Ein nybusett flykting skal få tilbod om fire dagars undervisning ved Ål vaksenopplæring ved oppstart av intro-programmet.*

Det er store skilnader mellom flyktingar frå høgt velutdanna til analfabeter. Ål vaksenopplæring gir tilbod om undervisning utifrå individuelle planar.

- *Introduksjonsprogrammet kan etter innstilling frå lærarar ved skulen, bli utvida med inntil 3 år.*

4.3.3. Språkpraksis

For å kvalifisere deltakarar i intro-programmet får dei tilbod om språkpraksis ein dag pr. veke når vedkommande kan uttrykke seg og forstå nok til å fungere i ein arbeids-situasjon. Etter at introduksjonsprogrammet vart innført i Ål kommune, har det vore lett å skaffe språkpraksisplassar i det private næringsliv og i Ål kommune. Gjennom denne praksisen får flyktingar kjennskap til korleis arbeidslivet i Noreg fungerer, og dei kan praktisere det dei har lært i norsk.

- *Når ein deltakar i intro-programmet er klar for det, skal vedkommande få tilbod om språkpraksisplass ein dag pr. veke.*

Flyktingtenesta er ansvarleg for å fylgje opp kvar einskild i språkpraksisperioden.

4.3.4. Arbeidspraksis.

Utifrå ein individuell vurdering vil ein deltakar få tilbod om arbeidspraksis istadenfor språkpraksis etter om lag eit år i intro-programmet. Arbeidspraksisen blir etablert i samarbeid med Ål Nav Arbeid. Det er Nav Arbeid som er ansvarleg for avtaler med arbeidsgjevar. Ukeveka blir endra ved at skuledagane blir redusert frå 4 dagar til 2 dagar, og vedkommande deltek i hovudsak 3 dagar i arbeidslivet. Formelt er det Nav Arbeid som skaffer arbeidspraksisplassar. I praksis er det flyktingkonsulenten som må ta ansvar for dette. Målsettinga er at ein deltakar meir og meir skal kvalifiserast for arbeidslivet gjennom dette andre året i intro-programmet.

- *Ein deltakar i intro-programmet skal etter om lag eit år få tilbod om arbeidspraksis i samarbeid med Ål Nav Arbeid.*

5. Økonomisk sosialhjelp

Ein stor barnefamilie vil ha trong for supplerande økonomisk sosialhjelp i introduksjonsprogram-perioden i og med at introduksjonslønn x 2 er mindre enn Ål kommune sine satsar for økonomisk sosialhjelp for ein familie. Satsane for økonomisk sosialhjelp er dei same for flyktingar som for etniske norske. Dersom ein stor barnefamilie får full økonomisk sosialhjelp, vil dei månadlege utbetalingane bli så store at det økonomisk sett kan virke demotiverande for arbeid. I større byar vil ein familie ikkje få rekna ut sosialhjelp utover 4 barn. Dei større byane opererer med max tre barn.

- *Ein familie som får økonomisk sosialhjelp kan få rekna ut sosialhjelpstøtta inntil 4 barn. Det blir i hovudsak ikkje gjeve støtte for meir enn fire barn. Dette utifrå ein individuell vurdering av familien sin situasjon.*
- *Flyktningkonsulenten gjer vedtak i.f.t. Lov om sosiale tenester.*

6. Sosialt nettverk

Ein del busette flyktningar i Ål har problem med å etablere eit sosialt nettverk i.f.t. til innbyggjarane i Ål. Manglande sosialt nettverk vil ofte vere avgjerande i.f.t. å søke flytting til meir bynære strok. Det er tilsatt ein heimkonsulent i 50% stilling frå 15.febr.2008., j.fr. retningslinene for flyktningfondet ang. ekstraordinære tiltak når det gjeld integrering. Ein hovudoppgåve for denne personen er å hjelpe og inspirere familier til å ta del i ulike aktiviteter i lokalsamfunnet for på den måten å utvide sitt sosiale nettverk. Ei anna viktig oppgåve er å rettleie i.f.t. daglege gjeremål, naboskap, rydding av hage m.v.

Kyrkja ved diakonen arrangerer kvinnetreff fast ei gong i månaden. Dette er svært populært og positivt tiltak der innvandrerkvinner møter etnisk norske kvinner. Ål Røde Kors har og i perioder hatt kontakt med busette flyktningar.

Lag og organisasjonar har nokre gonger søkt flyktningtenesta om økonomisk støtte til ulike tiltak. Det bør setjast av ein eigen post i flyktningtenesta sitt budsjett i.f.t. dette.

- *Etter 2 års forsøksperiode bør heimkonsulentstillinga evaluerast, og evnt. gå over til fast stilling.*
- *Det skal for år 2009 setjast av midler i flyktningtenesta sitt budsjett øyremerkte støtte til lag og organisasjonar som aktiv integrerer flyktningar.*

7. Fast arbeid/utdanning

I utgangspunktet skal introduksjonsprogrammet kvalifisere flyktningar til fast arbeid og utdanning. Etter endt program vil samarbeidet mellom flyktningtenesta og Nav Arbeid vere svært viktig. Difor blir desse nå samlokalisert i nye Nav-lokaler i tingstugu.

Ein del personar har liten eller ingen skolegang og arbeidserfaring. Utifrå erfaringer så langt vil nokre stille svært svakt i.f.t. utlyste stillingar. Dersom ein vaksen person over fleire år er sosialhjelpsmottakar, vil dette vere svært destruktivt for vedkommande. Det er ingen tradisjon i Ål kommune eller andre kommunar i Hallingdal å opprette spesielt tilrettelagte arbeidsplassar for busette flyktningar. Dersom ein person fekk tilbod om ein tilrettelagt kommunal arbeidsplass over til dømes 1 til 2 år, ville dette kunne føre til at vedkommande stod sterkare på arbeidsmarknaden. Ei slik stilling måtte finansierast av integreringstilskotet. Ein føresetnad er at arbeidssøkjaren har nytta seg av dei arbeidsmarknadstilbod som Nav Arbeid kan gje.

Etter modell av introduksjonsprogrammet blir nå eit kvalifiseringsprogram innført i kommunane etter kvart som Nav-kontora blir etablert. Målet med dette programmet er å forsterke innsatsen overfor personar som i dag er langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp. Når Navkontoret i Ål er etablert vil Ål kommune få tilbod om 7 plassar etter tildeling frå departementet. Dette programmet vil vere svært aktuelt for nokre få busette flyktningar i Ål.

Det er for tida 2 personar som gjennomfører vidaregåande utdanning. Etter ei totalvurdering er denne utdanninga i Ål kommune godkjent som ein del av introduksjonsprogrammet.

- *Personar som ynskjer å ta vidaregåande utdanning, kan etter søknad få dette godkjent som ein del av introduksjonsprogrammet i Ål kommune.*
- *Etter ei individuell vurdering kan langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp få tilbod om eit kvalifiseringsprogram som varer inntil 2 år. Nav kontoret i Ål er ansvarleg for gjennomføring av dette.*

8. Norsk statsborger

Ein flyktning vil før busetting motta eit arbeids- og opphaldsløyve frå UDI/Utlendingsnemnda som gjeld for eit år om gongen. Dette løyvet må fornyast kvart år. Etter 3 år vil vedkommande vanlegvis få busettingstillatelse som varer i 3 år.. Denne busettingstillatelsen gjev grunnlag for å søke om norsk statsborgerskap etter 6-7 år. Det har vore ein intern diskusjon i kommunen om kor lenge ein busett flyktning er innanfor flyktingtenesta sitt ansvarsområde. Det vil vere naturleg å tenke at når ein flyktning mottek norsk statsborgerskap så fell vedkommande utanfor flyktingtenesta sitt ansvarsområde.

- *Etter 6-7 års opphald i kommunen skal ein busett flyktning ikkje lenger sortere inn under flyktingtenesta sitt ansvarsområde.*

9. Økonomi - Ål kommune

Ål kommune mottek integreringstilskot for kvar busett flyktning. Satsane er for tida kr.496.000,- for vaksne og kr.476.000,- for born utbetalt over ein 5-årsperiode. Dei fleste kommunane i landet fordeler integreringstilskotet ut på rammeløyvingar i årsbudsjettet for dei einskilde sektorar.

Ål kommune er ein av dei få kommunane som set av unyttta midler av integreringstilskotet på eit flyktingfond. I sak 04/06 vedtok kommunestyret fylgjande: "Unyttta midler av det årlege integreringstilskotet skal ved årsslutning av reknskapen for flyktingtenesta avsetjast til flyktingfondet." Dette fondet er pr.31.12.2007 på kr. 4.981.958,-.

Integreringstilskotet blir utbetalt i.f.t. kvar einskild busett flyktning, men er ikkje øyremerkt. Midlene kan nyttast til kva som helst. Difor velger dei fleste kommunane å spre midlene jevnt utover samtlege etater.

I retningslinene for fondet har rådmannen fått delegert fullmakt til avgjerd av søknader/refusjonskrav frå til dømes barnevernet, sosialtenesta, avlastning m.v.

Budsjetterte utgifter for flyktingkontoret er for år 2008 kr.706.000., introduksjonslønn 1.1 mil.kr. og økonomisk sosialhjelp kr.950.000,-.

- *Unyttta midler av det årlege integreringstilskotet skal ved årsslutning av reknskapen for flyktingtenesta avsetjast til flyktingfondet.*

10. Oppsummering hovudtiltak

4.1. Før busetting:

- *Administrasjonen gjer framlegg i økonomiplanarbeidet om kor mange flyktingar Ål kommune bør ta imot dei neste 4 åra. Kommunestyret gjer vedtak.*
- *Administrasjonen må til ei kvar tid vurdere bustadsituasjonen, og evnt. nytte flyktingfondet til å kjøpe "flyktingbustader". Dette i samråd med formannskapet.*
- *Flyktingtenesta må samarbeide tett med dei bustadansvarlege i Ål kommune for å sikre tilgjengeleg bustad utifrå behov.*

4.2. Ved busetting

- *Etableringstilskotet (for tida: kr.30.000,- pr. ektepar pluss kr.3000,- pr. barn) skal justerast i.f.t. dei andre Hallingdalskommunane.*
- *Dersom ein familie blir busett i ein kommunal bustad, skal dei få tilbod om ein leigekontrakt på 3 år.*
- *Alle busette flyktingar skal innan ei veke få tilbod om eit orienteringsmøte med flyktingkonsulenteen og heimekonsulenten. Dette møtet skal vere tolka.*

4.3. Etter busetting

- *I den grad det er ledig barnehageplass skal nybusette flyktingar prioriterast.*
- *Det skal utarbeidast ein individuell plan i samråd med deltakaren seinast ein månad etter busetting. Planen er forpliktande både for Ål kommune og deltakaren*
- *Alle flyktingar skal få tilbod og vedtak om introduksjonsprogram innan fyrste månad etter busetting.*
- *Flyktingar som deltek i Ål kommune sitt introduksjonsprogram skal få utbetalt introduksjonslønn (bruttolønsutbetaling av 2G, for tida kr.11.135,- pr. mnd.)*
- *Ein nybusett flykting skal få tilbod om fire dagars undervisning ved Ål vaksenopplæring ved oppstart av intro-programmet.*
- *Introduksjonsprogrammet kan etter innstilling frå lærarar ved skulen, bli utvida med inntil 3 år.*
- *Når ein deltakar i intro-programmet er klar for det, skal vedkommande få tilbod om språkpraksisplass ein dag pr. veke.*
- *Ein deltakar i intro-programmet skal etter om lag eit år få tilbod om arbeidspraksis i samarbeid med Ål Nav Arbeid.*

Ymse anna.

- *Ein familie som får økonomisk sosialhjelp kan få rekna ut sosialhjelpstøtta inntil 4 barn. Det blir i hovudsak ikkje gjeve støtte for meir enn fire barn.*

- *Flyktningkonsulenten gjer vedtak i.f.t. Lov om sosiale tenester.*
- *Etter 2 års forsøksperiode bør heimkonsulentstillinga evaluerast, og evt. gå over til fast stilling.*
- *Det skal for år 2009 setjast av midler i flyktningtenesta sitt budsjett øyremerkte støtte til lag og organisasjonar som aktivt integrerer flyktningar.*
- *Personar som ynskjer å ta vidaregåande utdanning, kan etter søknad få dette godkjent som ein del av introduksjonsprogrammet i Ål kommune.*
- *Etter ei individuell vurdering kan langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp få tilbod om eit kvalifiseringsprogram som varer inntil 2 år. Nav kontoret i Ål er ansvarleg for gjennomføring av dette.*
- *Etter 6-7 års opphald i kommunen vil ein busett flyktning ikkje lenger sortere inn under flyktningtenesta sitt ansvarsområde.*
- *Unyttige midler av det årlege integreringstilskottet skal ved årsavslutning av reknskapen for flyktningtenesta avsetjast til flyktningfondet.*